



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Finansministeren

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
18/1855 -

Dato
.05.2018

Spørsmål nr. 1454 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Ingrid Heggø om at skatteuttene kommer til de rikeste og hvordan skatteuttene fordeler seg mellom kvinner og menn

Eg viser til brev av 26. april frå Stortingets presidentskap vedlagt følgjande spørsmål frå stortingsrepresentant Ingrid Heggø:

«Det er godt dokumentert at regjeringa har gitt dei største skatteuttene til dei rikaste menneska i Norge. I NrK idag viser ein til at nordmenn som tenar over 10 millionar har sidan 2013 fått eit skatteutt som er hundre ganger større enn dei som tenar mellom 150000 og 250000. Skattepolitikken til regjeringa aukar forskjellane i Norge og bidreg også til at forskjellane mellom kvinner og menn aukar. Korleis er kjønnsbalansen på dei som tenar over 10 mill og på dei som tener mellom 150000 og 250000?»

Grunngjeving:

Det er gjeve hundre ganger meir i skatteutt for dei rikaste i Norge etter at Regjeringa Solberg overtok. Tala eg viser til kom fram på eit skriftlig spørsmål og svar frå finansministeren frå representanten Kari Elisabeth Kaski. Arbeiderpartiet meiner det er sterkt urovekkande at forskjellane i Norge aukar mellom dei som tenar mykje og dei som tenar lite, og at skatteuttene kjem til dei rikaste. Korleis skatteuttene fordelar seg mellom kvinner og menn vil også vera interessant.»

For å kunne finansiere eit høgt velferdsnivå i åra framover er det heilt naudsynt å gjere det lønnsamt å starte og utvikle nye verksemdar. Skattesystemet skal fremme vekst og legge til rette for styrka konkurransekraft og at det vert skapt fleire nye lønnsame arbeidsplassar. Regjeringa har difor prioritert skattelett som stimulerer til arbeid og innsats, og eit lågare skattenivå for å gje meir valfridom til familieane. Det skal lønne seg meir å spare, jobbe og investere. Lågare skattesats på lønn og bedriftsoverskot er særleg vekstfremmande.

Formuesskatten gjer det mindre lønnsamt å spare og svekker privat norsk eigarskap. Difor har vi redusert skattetrykket.

Dei samla skatte- og avgiftsendringane under regjeringa Solberg til og med Nasjonalbudsjettet 2018 summerer seg til om lag 24 mrd. kroner. Departementet kan gje anslag på skatteendringar per person i ulike inntekts- og formuesintervall. Anslaga er basert på Statistisk sentralbyrås (SSB) skattemodell LOTTE-Skatt. Berekningane inkluderer alle endringar i inntekt- og formuesskatten det er mulig å rekne på i modellen.

Det vert vist til svara på spørsmål nr. 1333 og 1332 frå representant Kaski, der det er opplyst om endringane i personskatten som ikkje inngår i berekningane fordi dei ikkje inngår i LOTTE-Skatt. Endringane i selskapskatten og i avgiftene inngår ikkje i analysen.

Tabell 1 og 2 viser korleis skattekutta har fordelt seg på kvinner og menn frå 2013 til 2017 og for 2018 etter bruttoinntektsintervalla for alle personar 17 år og eldre. Representanten Heggø spør om korleis kjønnsbalansen er i gruppa som tener over 10 mill. kroner og i gruppa som tener mellom 150 000 og 250 000 kroner. Då talet på kvinner i inntektsintervallet over 10 mill. kroner er færre enn SSBs minstegrense for ei enkelt gruppe av personar, er fleire inntektsintervall slått saman. Det er difor i svaret opplyst korleis kjønnsfordelinga er for dei med bruttoinntekt inkl. skattefrie ytingar over 5 mill. kroner.

Tabellane viser fordelinga av skattekutta i kroner fordelt på kvinner og menn. Det er likevel slik at skatten er redusert prosentvis meir i det lågaste inntektsintervallet enn i det høgste, og prosentvis meir for kvinner enn for menn. I perioden 2013-2017 har kvinnene i det lågaste intervallet i gjennomsnitt fått redusert skatten sin med om lag 16 pst. og menn med om lag 12 pst., mens i det høgste av dei to inntektsintervalla har skattereduksjonen vore om lag 5 pst. for kvinner og om lag 3 pst. for menn.

Det er samstundes slik at skattesystemet er individuelt og kjønnsnøytralt innretta. Vi ynskjer ikkje skattemessig forskjellsbehandling mellom kjønna for å korrigera for ulik inntekt og formue før skatt. Det ville ført til at menn og kvinner med same inntekt og formue får ulik inntekt etter skatt.

Tabell 1 Anslått skatt i 2017 og endring i skatt frå 2013 for alle personar som er 17 år og eldre etter bruttoinntekt inkludert skattefrie ytingar. Negative tal betyr skattelettar. Anslag for skatteendringar er rekna i forhold til skattereglane for 2013 justert til 2017.

Bruttoinntekt		Talet på personar	Gjennom- snittleg skatt i referanse- alternativet. Prosent	Gjennom- snittleg skatt i referanse- alternativet. Kroner	Endring i skatt. Mill. kroner	Gjennom- snittleg endring i skatt. Kroner
150 000 - 250 000 kr.	Menn	179 700	10,2	21 100	-450	-2 500
	Kvinner	381 900	7,9	16 000	-970	-2 500
5 mill. kr. og over	Menn	3 800	38,5	3 894 000	-500	-133 000
	Kvinner	500	36,5	3 809 100	-100	-190 600

Kilder: Finansdepartementet og Statistisk sentralbyrås Skattemodell, LOTTE-Skatt.

Tabell 2 Anslått skatt i 2018 og endring i skatt for 2018 for alle personar som er 17 år og eldre etter bruttoinntekt inkludert skattefrie ytingar. Negative tall betyr skattelettar. Anslag for skatteendringar er rekna i forhold til referansen for 2018.

Bruttoinntekt		Talet på personar	Gjennom- snittleg skatt i referanse- alternativet. Prosent	Gjennom- snittleg skatt i referanse- alternativet. Kroner	Endring i skatt. Mill. kroner	Gjennom- snittleg endring i skatt. Kroner
150 000 - 250 000 kr.	Menn	170 400	10,0	20 500	-70	-400
	Kvinner	373 100	7,3	14 900	-120	-300
5 mill. kr. og over	Menn	3 700	39,6	3 826 900	-40	-11 900
	Kvinner	500	37,4	3 654 800	-10	-24 800

Kjelder: Finansdepartementet og Statistisk sentralbyrås Skattemodell, LOTTE-Skatt.

Med hilsen

Siv Jensen